



2013

## Leige LANDBRUKSVIKAR og AVLØYSAR

### Praktisk

Landbruksvikaren og avløyseren ønskjer å gjere ein best muleg jobb på garden:

- Bonden eller ansvarleg bør vere tilstades fyrste gong landbruksvikaren og avløyseren skal arbeide på gardsbruket

#### HUGS:

- Skriftleg rutine for vaskeprosessen av mjølkeanlegget
- Beredskapsplan: Info om stoppekrantar, sikringsskåp, brannsløkkingsapparat
- Telefonnummer til kontaktperson på gardsbruket, veterinær og naudnummer
- Oppdaterte fjøstavler: Sjuke dyr må merkjast. Rett kraftfôrmengde er viktig
- Fyrstehjelpsskrin

### Trygg arbeidsplass, HMS

Bonden som oppdragsgjevar er ansvarleg for HMS på garden. I følge arbeidsmiljølova: ”Sikre eit arbeidsmiljø som gjev grunnlag for ein helsefremjande og meningsfylt arbeidssituasjon. Full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Velferdsmessig standard som til ei kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet”. Opplæring skal dokumenterast. *Sjå HMS-delen i KSL-permen.*

### Arbeidstida

Landbruksvikaren skal arbeide 7,5 timar pr. dag inkludert køyretid. Andre tilsette arbeider på ordinær timebasis. Arbeidstakaren skal ha høve til å vaske og stelle seg på garden. Så snart det let seg gjere skal det skaffast eigna opphalds-/matrom. Sjå elles arbeidsmiljølova med gjeldande forskrift. Vanleg praksis er at avløyseren og landbruksvikaren et nista si ved kjøkenbordet på garden og utvekslar informasjon med bonden, når han er heime, om fjøsarbeidet og gardsdrifta generelt. ☺

### Teieplikt

Våre tilsette har arbeids-, lojalitets- og teieplikt.

Bonden har også teieplikt om alt som gjeld landbruksvikaren og avløyseren sitt arbeid.

### Timelister og anna dokumentasjon

Timelister med underskrifter skal leverast til administrasjonen innan den 30. i kvar måned. Tilleggsdokumentasjon ved sjukdom: Søknaadsskjema, SLF-151, <https://www.slf.dep.no/> og sjukemelding.

### Ansvarsforsikring

*Dersom det skjer ein skade forårsaka av våre tilsette må dette meldast inn til administrasjonen. Laget har ansvarsforsikring som de kan lese meir om på [www.landbrukstenester-sogn.no](http://www.landbrukstenester-sogn.no)*

### Prisar for 2013

Landbruksvikar, pr. dag eksklusiv 25 % mva:

<b>Sjukdom:</b>	<b>kr 1 400</b>
<b>Ferie og fritid:</b>	<b>kr 1 500</b>
<b>Helg, ferie og fritid:</b>	<b>kr 1 800</b>



2013

## AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM m.v.

Føremålet med ordninga er å medverke til å dekke kostnadane til avløyning i jordbruket. Tilskot gjeld føretak med husdyrhald, heilårs vekstproduksjon, planteproduksjon eller honningproduksjon. For føretak med planteproduksjon eller honningproduksjon kan tilskot berre gjevast til avløyning i onnetida (15.4.-1.10.).

Søkjjar må ha **næringsinntekt** frå jordbruk/gartneri større enn ½ G, (*Landbrukstenester Sogn innhentar slike opplysningar*). Søkjjar må ta imot mindre enn 75 pst attføring/rehabilitering og/eller uførepensjon.

- Søkjaren må være under 70 år. Avløyaren må vere fylt 16 år når avløyninga skjer.

**Tilskot ved sjukdom.** Søkjaren må vere sjukemeld frå arbeidet i landbruksføretaket. Det kan ytast tilskot i til saman 365 dagar fordelt på dei siste tre år.

**Tilskot ved svangerskap, fødsel og adopsjon av barn under 15 år.** Retten til tilskot er knytt til utbetaling av foreldrepenngar. Det er i tillegg tilskot til avløyarsar for å fylgje **sjukt barn** til sjukehus. Det er også tilskot til avløyarsar ved **dødsfall** (8 veker). Det gjeld i tilfeller der gardsbrukaren fell i frå og garden skal styrast vidare av barn, foreldre eller ektefelle/sambuar.

**Reduksjonar i tilskotet:** Ytingar frå folketrygda ved sjukdom, pensjon, attførings-/rehabiliteringspenngar og uførepensjon, tapt arbeidsforteneste og løn.

**Satsane for tilskot til avløyning ved sjukdom m.v. blir bestemt i jordbruksoppgjøret kvart år, og er differensiert etter storleiken på avløyartilskotet. Alle føretak med avløyartilskot > kr 30 000 har **tilskot kr 1 400 pr. dag for 2013.****

## DOKUMENTASJON

**1. Søknadsskjema sjukdomsavløyning, SLF-151 – [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)** eller be om å få skjema tilsendt. Må leverast snarast råd og innan 3 månader etter siste dag som gjev rett til tilskot.

**2. Sjukemelding C – hugs å få eigen sjukemelding som jordbrukar viss du har jobb utanom gardsbruket.**

*Del D av sjukemeldinga skal fyllast ut og leverast til NAV - viktig.*

**3. Timelister – innlevering den 30. kvar månad.**

**Budsjett.** Landbrukstenester Sogn yter hjelp til budsjettering i samband med avløyartilskot ved sjukdom, og forskotterer i tillegg lønskostnader til avløyarsar.

**Prosedyre for avløyartilskot ved sjukdom m.v.:** Landbrukstenester Sogn dokumenterer utgifter og sender til kommunen som er sakshandsamar og gjer vedtak. Fylkesmannen utbetalar tilskotet.